

## Referat – Årsmøte i Sveio Venstre for 2020

Årsmøte i Sveio Venstre vart gjennomført digitalt vha. Zoom 1. februar 2021 klokka 20:00 til ca. 21:30. Leiar var ordstyrar.

### Oppmøtte:

Tor Røkenes, Andreas Kraaijeveld Enerstvedt, Ruth Vihovde Strand, Daniel Strand, Knut Richard Hein Sønsteby, Sveinung Rotevatn (for første ÅM-sak) og Bernhard Endseth Nerland.

### Saksliste:

- ÅM1 – Orientering om Stortingsvalkamp (v/ Sveinung Rotevatn)
- ÅM2 – Årsrekneskap
- ÅM3 – Val av styremedlemmar
- ÅM4 – Val av utsendingar til nominasjonsmøte Hordaland Venstre og fylkesårsmøte Vestland Venstre
- ÅM5 – Diverse/eventuelt

### ÅM1 - Orientering om Stortingsvalkamp (v/ Sveinung Rotevatn)

Nestleiar i Venstre, Sveinung Rotevatn, tok seg tid til å komme innom årsmøtet. Han orienterte om korleis situasjonen er i høvesvis Venstre-leiinga og i Regjering no under COVID-19-pandemien. Det vart m.a. diskutert korleis situasjonen er no i mange mindre lokallag rundt om på vestlandet etter det katastrofale Kommune- og fylkestingvalet i 2019.

Han orienterte vidare om korleis Stortingsvalkampen kan komme til å bli, kva sakar som kan verte sett fokus på (handtering av COVID-19, by vs. land/sentralisering, klima- og miljø mv.).

Han avslutta med å opplyse om at han alltid er tilgjengeleg for spørsmål og diskusjon om det kjem opp sakar under valkampen som kan vera aktuelle for Sveio, og at han gjerne ville komme på besøk i løpet av valkampen.

### ÅM2 - Årsrekneskap

Tor Røkenes (kasserar) opplyste om at årsrekneskapet for 2020 ikkje var formelt klart frå revisor, men orienterte likevel om kontobevegelsar for 2020. Oppsummert har me hatt inntekter på 801,78 kroner, og kostnadar på 3075,75 kroner. Hovuddelen av kostnadane er ført under post for «valmaterial». Me har per d.d. 3262,19 kroner på konto.

### ÅM3 - Val av styremedlemmar

Styreverv vert valt for to år. Sitjande leiar og kasserar er høvesvis Bernhard Endseth Nerland og Tor Røkenes, og to verva var på val. Verva som nestleiar og skivar er ikkje på val før årsmøte for 2021.

Sittande leiar tok gjenvæl. Det var ingen motkandidatar eller benkeforslag. Sittande leiar vart einstemmig gjenvælt.



Sittande kasserar opplyste om at han ikkje tok gjenval. Ordstyrar førespurte om nokon av dei oppmøtte var villige til å ta på seg vervet som kasserar, ev. om dette ikkje vart tilfellet om nokon av dei andre i Styret ville ta på seg tilleggsverv. Knut Richard Hein Sønsteby stilte seg disposisjon, og vart valt inn ved akklamasjon.

Styret i Sveio Venstre får då følgjande samansetnad for 2021:

Leiar: Bernhard Endseth Nerland  
Nestleiar: Ruth Vihovde Strand  
Kasserar: Knut Richard Hein Sønsteby  
Skrivar: Andreas Kraaijeveld Enerstvedt

Leiar meldar inn endringar i Styret til Brønnøysundsregistrane.

Tor Røkenes ordnar det formelle med rettigheter til bankkontoen for nyvalt kasserar.

#### ÅM4 - Val av utsendingar til nominasjonsmøte Hordaland Venstre og fylkesårsmøte Vestland Venstre

Leiar orienterte om at fylkesårsmøtet i Vestland Venstre vert gjennomført digitalt 13.-14. februar. Nominasjonsmøte for Stortingsvallista til Hordaland Venstre vert gjennomført føre fylkesårsmøtestart 13. februar. Sveio Venstre har høve til å sende ein delegasjon på to delegatar.

Leiar hadde på førehand spurt om Skrivar hadde lyst og høve til å delta på ovanfornemnte møte. Skrivar har sagt seg positiv til det. Det vart under årsmøtet spurt om nokon andre av dei oppmøtte hadde høve til å delta. Nyvalt kasserar, Knut R. H. Sønsteby, stilte seg igjen til disposisjon.

Det vart vedteke at Sveio Venstre sine delegatar til nominasjonsmøte for Stortingslista til Hordaland Venstre og fylkesårsmøtet i Vestland Venstre vert Andreas K. Enerstvedt og Knut R. H. Sønsteby.

Avslutningsvis vart det frå Leiar orientert om at det er dissens om kven som skal stå på 1.plass på Stortingsvallista for Hordaland valkrins (Sveinung Rotevatn vs. Terje Breivik), og at lobbyverksemda frå begge partar allereie er i gong. Det vart vidare orientert om at Venstrelaga i Bømlo, Stord og Etne kjem til å gå for Terje Breivik (som er Hordaland Venstre sin representant på Stortinget i dag) på 1.plass. Diskusjonen gjekk blant dei oppmøtte, men signalet frå årsmøtet var at Sveio Venstre ynskjer Sveinung Rotevatn på 1.plass. Den nyvalte møtedelegasjonen tok dette til orientering.

#### ÅM5 – Diverse/eventuelt

Det vart teke opp at det burde vera eit styremøte kort tid etter fylkesårsmøtet slik at delegatane kan referere frå dei viktigaste sakane og vala under nominasjonsmøtet og fylkesårsmøtet. På same styremøte burde det settast opp eit skjelett/aksjonsliste for Sveio Venstre sine aktivitetar i 2021.

Det vart ikkje teke opp fleire eventuelt-sakar. Årsmøtet vart heva ca. 21:30.

For Styret.